


NR. 10

Desember 1985

18. ARG.



GOD JUL

«La ingen miste, hva godt din fødsel spår!»

De kjenner vår Herre Jesu Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart fattig då han var rik, så de ved hans fattigdom skulle verta rike.

2. KOR. 8.9.

Utan fest og prakt kom Frelseren til jord julenatt. Jesus gav avkall på all den herlegdomen han hadde hjå Gud og vart fødd i ringe kår i ein stall. Herlegdomen hjå Gud overgår alt det me menneske kan forestilla oss. Det finaste slottet, den største prakt, den vakraste musikken, bleiknar mot herlegdomen hjå Gud.

Jesus elska oss menneske så høgt at han likevel kom. Han kom for å gjera oss rike. Men ikkje for å gje oss del i denne verdens rikdom. Det finst verdier som ikkje dreiar seg om pengar, eigedom, hus, bil og båt. Den rikdomen Jesus kom for å gje oss, er ikkje å få for pengar.

Det å vera rik på jordisk gods og gull, er for ingen ting å rekna mot det å vera rik i Gud. Det å få vera eit Guds barn, er den største rikdom eit menneske kan eiga.

Denne rikdomen vil Jesus gje til deg. Han gjekk i døden for deg. Han sote all verda si synd. Vegen står open like inn til Faderen. Den frelsa Jesus har fullført, kan du få del i ved trua på han.

Det er ikkje ei opplagt sak at alle menneske vel å fylgja Jesus. Det lever mange i dag utan samfunn med han. Kva kan det koma av? Er det så mange andre ting som betyr meir? Er dei på leiting etter andre skattar en den rikdomen dei kan få hos Gud? Kostar det for mykje å gje livet sitt til Jesus?

Måtte me alle denne jula, store som små, få sjå den rikdomen Jesus kom for å gje oss del i. Då skal me alle få gle oss over det som hende julenatt. Jesus kom for å gjera alle menneske rike.

Ha takk, som treder til armod's hytter ned!
Ha takk som gleder oss med sin søte fred!
Kom inn, o Kriste, tenn lys i hver manns gård!
La isen briste, gi varme snart og vår!
La ingen miste hva godt din fødsel spår.

(M.B. LANDSTAD)

Magne Mestad



Julekonsertar

ARNA KYRKJE:

Søndag 15. des. kl. 19.00:

Medverkande: Unnelandskoret, Gullfjell Trekkspillklubb, Arna Ten Sing. Lone skulemusikk. Musikklaget Janus.

Søndag 22. des. kl. 19.00:

VI SYNG JULA INN.

Medverkande: Arnavågen Musikklag, Arna Kyrkjekor.

YTRE ARNA KYRKJE:

Søndag 22. des. kl. 18.00:

Medverkande: Arna Musikforening, Ytre Arna Kyrkjekor, Ytre Arna Barne- og Ungdomskor.

Julefestar

TUNES BEDEHUS:

22/12: Familiefest kl. 16.00. Talar Harald Sundsbø.

UNNELAND BEDEHUS:

27/12: Julefest kl. 19.30. Indremisjonen og Yngreslaget. Alfred Helland.

7/01: Søndagsskulefest. Talar Åse Meland.

ARNA BEDEHUS:

27/12: Julefest kl. 17.00 v/Barnerøster og Søndagsskulen.

28/12: Ungdomsfest.

4/1-86: Familiefest kl. 18.00. Ungd.sekr. Ingar Hjelseth.

BETANIA:

27/12: Søndagsskulefest.

28/12: Betania Ungd.for.-fest.

3/1-86: Fest for Y-ungdom.

5/01: Borgafest.

HAUGLAND INDREMISJON:

28/12: Barnefest kl. 15.00.


29/12: Julefest kl. 18.00.

YTRE ARNA:


28/12: Søndagsskulefest kl. 16.00. Andakt v/Kari Helland.

5/1-86: Julefest kl. 17.00 i bedehuset. Talar Ingar Hjelseth.


12/01: Julefest for eldre kl. 16.00. Arr. Soknerådet og Ytre Arna Sanitetsfor.



Barneside




Takk Gud
for at du
kom til
meg.



Nå har du sikkert begynt å tenke på jul. Du gleder deg vel? Har du tenkt over hva julen skal si og gi oss? Den lille tegningen kan fortelle noe om det. Du ser jordkloden og på den står et barn sammen med Jesus.

Julen skal minne oss om den store hendelse som skjedde for snart 2000 år siden da Gud steg ned fra himmelen og satte sine føtter på jorden. Det var det som skjedde da Jesus ble født. Dette gjorde Gud for at vi skulle få være sammen med ham, nå og for alltid.

Johannes 3.16.




Vannrett:

1. Navn på kake
6. Er eselet
- 7 Har vært statsminister
- 8 Mellom husene i byen
10. Gammel skrivemåte for nå
11. Har M mellom seg
12. Arna med en A
14. Et + A
- 15 Noe vi drikker
16. Fin katt

Loddrett:

1. Vokser på trær
2. Ikke moden
3. Fugler
4. Navn på brus
5. Byen der Jesus bodde
9. Å ikke være sikker
13. Noe vi henger ut til fuglene
15. To like



Barneside



FARGELEGG BILDET

Hvis du fargelegger dette bildet, vil du få frem et fint julemotiv. For å få bildet helt riktig, må du bruke fargene slik: R er rød - GR er grønn - B er brun - S er sort - BL er blå - G er gul.

Tips til julegaver

Eigentleg ser ikkje Kyrkjelydsbladet dette som si største oppgave. Reklamebrosjyrane i postkassane våre prøver jo å hjelpe oss med det i rikeleg mål. Likevel er det 2 ting vi vil minna om.



FAT MED MOTIV AV ARNA KYRKJE

Dette fine fatet kan ein få kjøpa på Kyrkjekontoret i Borgstova. Det kostar kr. 100,- og vi har framleis ein del fat att. Overskotet av salet går til Kyrkjelydshuset.

DEN NYE SALMEBOKA

Avisene har alt lenge kunna fortelja at det er bestseljaren på bokmarknaden dette året. Ved årsskiftet reknar forlaget med at førsteopplaget på 200.000 eksemplar er gått ut. Boka kostar kr. 120 og er å få både i bokmålsutgåve og nynorskutgåve. Berre dei bibelske salmane bak i boka skil dei to utgåvene frå kvarandre.

Kanskje har du nokon du kunne gje salmeboka til?

Siste nummer av Kyrkjelydsbladet hadde med ein postgiroblankett for innsamling til salmebøker i kyrkjene. Kanskje du også kunne vera med og gje ei salmebok som «julegave» til kyrkja — om du ikkje har gjort det?

Ordinasjon



Cand. teol. Kåre Rune Hauge vert ordinert til prest i Arna Kyrkje 19. januar av biskop Thor With.

Kåre Rune Hauge er 27 år og kjem frå Lone. Han har teologisk embedseksamen frå Menighetsfakultetet 1984.

KJØP LAGSKORT

OGSÅ I ÅR VIL DET KRISTELEGE SKULELAGET ARD på Arna Gymnas selja Lagskort. Det er julekort med kristne motiv, og all inntekta av salget går til Noregs Kristelege Student- og Skoleungdomslag sitt arbeid. Prisen på korta er som på andre julekort. Dei vil verta selde på ulike «stands» og ved tilstellingar i kyrkjelyden. Ein kan også venda seg til Bjarte Grøteide, Vollavegen 41B, tlf. 24 33 88 for å få kjøpa korta. I Ytre Arna kan ein få kjøpt dei på Kyrkjekontoret.

Afrika i hjarto våre

Den store aksjonen «Afrikas tørke dreper», sette igang ei bølge. I året som har gått, har det vore talrike engasjement både sentralt og lokalt. No kjem det gledelege meldingar om rikeleg nedbør og gode utsikter for komande haust frå mange afrikanske land. Ein kan spørje seg om kvifor ein da set i gang ein ny Afrika-aksjon i år. Svaret er enkelt:

Dei utfordringane Afrika gir, er ikkje løyste på eitt år. Tørken var berre ein utløysande faktor. Sjølv i «normalår» svelt 100 millionar menneske på dette kontinentet. Dei som bukka under på grunn av tørken, var dei svakaste av desse 100 millionane.

Aksjonen ifjor viste at det nyttar å hjelpe. Og når mange går saman, blir det resultat som monnar. Over 115 millionar kom inn til aksjonen «Afrikas tørke dreper». Aksjonen i år starta 20. november. La oss syne at Afrika-bølgja ikkje har lagt seg, men at ho har fått menneska på dette kontinentet inn i hjarta våre.

I Arna er kyrkjelydane i samarbeid med Røde Kors og mange skuleelevar i sving med denne aksjonen, og onsdag 4. desember vil dei gå rundt med bøsser slik at alle kan få høve til å gje ei gåve.

Det er Røde Kors, Kirkens Nødhjelp, Redd Barna og Norsk Folkehjelp som samla står bak aksjonen, og pengane vil verta delt mellom dei hjelpeprosjekta desse organisasjonane har i gang i Afrika.

Avisene vil og annonsera postgiro/bankgironummer for innbetaling av pengar.

Radiogudsteneste frå Arna

Søndag 15. desember vert gudstenesta i Arna kyrkje overført i radio. Då dette er direkte overføring, ber vi kyrkjelyden koma i kyrkja kl. 10.40. Då vil det verta høve til å øva litt på salmane før gudstenesta tek til.

MØTEVEKER I KYRKJENE

Sokneråda i samarbeid med foreningane innan dei kristelege organisasjonane arrangerar møteveker i begge kyrkjene også denne vinteren.

I Ytre Arna vert det møter i veke 6: 4.-9. februar. Martin Hallaraker vert talar der.

I Arna kyrkje er det veke 10: 4.-9. mars og der vert bibelskulelærer Harald Myklebust talar.

Husk innsamlinga til nye salmebøker i kyrkjene


I forrige nummer sendte vi med postgiroblankett til dette. Vi har ikkje noko resultat for denne innsamlinga enno. Det kjem vi attende til seinare. Har din blankett kome bort, kan du framleis senda gåva til: Arna Sokneråd, 5260 Indre Arna på postgiro 5 77 97 98, eller til Ytre Arna Sokneråd, 5265 Ytre Arna på postgiro 5 93 54 99.

Merk tallongen: Ny salmebok.

MISJONSFEST

Den årlege misjonsfesten som misjonslaga i Arna går saman om, vert i Arna Bedehus, **søndag 12. januar 1986 kl. 17.00.**

ALLE ER HJARTELEG VELKOMNE!



Gi en flyktning
en ny start

Postgiro 5 20 09 02
Bankgiro 6029.63.25050

KIRKENS NØDHJELP

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

12/10: Berit Andrea Sletten. Døypd i Åsane kirke.

03/11: Karina Høvik Indrearnen, Anne Nelly Åsheim, Lena Walton Herfindal, Silje-Mari Brekke, Trond Skulstad.

16/11: Therese Bønes. Døypd i Birkeland kirke.

Ytre Arna sokn:

10/11: Helene Berg.

17.11: Kristian Kvam



Vigde

Arna sokn:

26/10: Eivind Hovland og Bente Ervik.

03/11: Arvid Vestgård og Åshild Kleivane.

09/11: Arne Kvam og Margrethe Lohne.

Ytre Arna sokn:

25.10: Frode Endresen og Torill Paulsen. Vigde hjå byfogden i Bergen.

26.10: Jens Christian Lindaas og Heidi Eikremsvik. Vigde i Storetveit kirke.



Døde

Arna sokn:

28/10: Martha Andrea Pedersen f. 1891.

31/10: Aslaug Veseth f. 1905.

31/10: Marta Selheim, f. 1895.

04/11: Astrid Susanne Hals, f. 1901.

19/11: Magnus Borge, f. 1903.

Ytre Arna sokn:

02/11: Jenny Bolstad, f. 1917.

11/11: Hilmar Haugland, f. 1914.

Ofringar i kyrkjelydane:

Arna sokn:

27.10 Kyrkjelydshuset kr. 1469,-
3.11 Takvam kapell kr. 2977,-
10.11 Kyrkjelydsarbeidet . kr. 1317,-
10.11 «From all of us» — . . kr. 290,-
17.11 Muhamedanermisj. . . kr. 1207,-
24.11 Kyrkjelydshuset kr. 1165,-

Ytre Arna sokn:

03.11 Menighetsfakultetet
10.11 Kyrkjelydsarbeidet
17.11 Dei fire diakoninst. . . . kr. 650,-
1.12 IKO kr. 986,-

Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

ARNA:

Arna sokneråd
Boks 11
5260 Indre Arna

Bank:
8440.31.05006
Post: 5779798

YTRE ARNA:

Ytre Arna sokneråd
P. Jebsensv. 39
5265 Ytre Arna

Bank:
3633.30.02625
Post: 5935499

Kyrkjelydshus i Arna
Vollavegen 45B

Bank:
8440.21.04243
Post: 3498995

Kyrkjelydshuset
P. Jebsensv. 39
5265 Ytre Arna

Bank:
3633.50.75093
5260 Indre Arna

Om nokon vil gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

Presten har ordet



O, Jul med din glede...

Jul er ikkje berre glede for alle, kor mykje julefeiring dei opplever rundt seg. For mange er jula den vanskelegaste tida i året, fordi det eller den som var med og skapte glede, ikkje er der meir. Og då kjennest einsemda sterkare og minna sårare når høgtida med alle sine tradisjonar og gode minner kjem.

Det som dei fleste av oss opplever som godt og har forventning til, kan andre oppleve som vanskeleg å koma gjennom. Dette er ei side ved høgtida som me ikkje skal gløyma. Og kanskje me og kunne vera saman med nokon i den situasjonen, om me tenkjer etter?

Men det me feirar jul for, er noko som går djupare i menneskelivet enn dei ytre tinga. Det er ei glede som skal «timast alt folket». Kor djup einsemda er, og kor stort saket er, ville Gud gjerne nå fram med ein lysstråle: «Det folket som ferdast i mørket, skal sjå eit stort lys. Over dei som bur i skuggelandet, skal lyset stråla.» (Jes. 9.2.)

Jula er med på å visa at det er eit håp me skal halda fast på og kor djupt mørket kjennest, vil Gud at me skal gripa dette håpet. Me har ein Herre som kjenner oss og er glad i oss. Jula minner oss om han som kom for å vera vår hjelper.

Mykje kunne vore skrive om kva som opptek oss i jula, og kva mange opplever som glede i jula. Det skal eg ikkje gjera denne gongen. Men ofte kan det vel verta slik at

tradisjonane og skikkane som skulle vera «innpakkingspapiret», får heile oppmerksomheten, slik at midtpunktet vert borte. Me kan nok likevel sitja att med gode minne og glede over jula, men det er likevel ei glede som har si tid. Og når ting endrar seg, ser ein kanskje at grunnlaget for gleda ikkje var der alltid?

Skal me finna ein grunnvoll i livet, om ting endrar seg, skulle ikkje jula vera noko som riv den bort, men tvert i mot hjelper til med å byggja den opp. «Det sanne lys som lyser for kvart menneske, kom no til verda.» (Joh. 1.9.)

Om det gode som var, er borte, er der likevel ein som vil gje oss «framtid og von». Og den gleda er det kyrkja gjerne vil vera med og dela med andre i jula. Då kan me og alle seia: «O, jul med din glede», korleis me enn har det.

GOD JUL.

Permisjon for Målfrid Sandvik og Harald Sundsbø

Kateket Målfrid Sandvik har av Kyrkjedepartementet fått permisjon i tida 10.1-10.6 1986 for å kunna ta vidareutdanning i kristendom/eksamen i kristendom mellomfag.

Det er enno ikkje klårt kven som vert vikar i denne tida.

Harald Sundsbø har fått studiestipend frå Presteforeninga, og skal truleg vera med på etterutdanningskurs i Israel og nytta tida til å lesa nyare teologisk litteratur. Han har permisjon i tida 21.1.-20.4. 1986. Når no begge prestane i Arna får studiepermisjon innan kort tid, er det tilfeldig. Desse stipenda vert fordelt mellom prestane over heile landet, og det er meint å vera til fornying og hjelp i det arbeidet dei står i.

Kvar prest vil kanskje kunna få slikt stipend eit par gonger gjennom yrkeslivet.

Vikar for Harald Sundsbø vert Helge Helgesen. Han skulle no vera kjend i Arna frå den tida han har vikariert her i haust.

Medarbeiderfest

Det var fest for alle medarbeidarane i begge kyrkjelydane 22. november i Arna Bedehus.

Det var mange påmelde til festen som vart leia av Harald Sundsbø.

Ei gruppe elevar frå Garnes Ungdomsskule stelte til festmat og dette vart det sett stor pris på.

Forfattaren Johannes Heggland holdt foredrag om «det moderne menneske og litteraturen.»

Etter matøkta fekk vi ein introduksjon av den nye salmeboka ved Arve Brunvoll, som har vore med i salmebokkomitéen.

Det vart også høve til å prøvesyngja nokre av dei nye salmane.




Elevar frå Garnes Ungdomsskule laga feststemning med fint og godt kaldtbord.

Forfattaren Johannes Heggland.



Løsning på oppgaver i forrige nr.



REBUS: RAKETTENE

Møte

TUNES BEDEHUS:

- 12/12: Møte kl. 19.00 ved Olav Hesjedal.
- 22/12: Familiefest kl. 16.00. Talar Harald Sundsbø.
- 8/1-86: Misjonsfest kl. 18.00. Talar Asbjørn Næss. Lysbilette frå Nepal. Arr. Misj. for Buthan.

ARNA BEDEHUS:

- 8/12: Møte kl. 19.00.
- 27/12: Julefest v/Barnerøster og søndagsskulen.
- 28/12: Ungdomsfest.
- 4/1-86: Indremisj. julefest kl. 18.00. Ungd.sekr. Ingar Hjelseth.
- 12/01: Misjonsfest kl. 17.00.
- 17/01-
- 19/01: Temadagar. Ole Abel Sveen.

BETANIA LONE:

- 8/12: Haukeland Indremisjon.
- 12/12: Misjonssambandet.
- 15/12: Misjonssambandet.
- 19/12: Nattverdmøte.
- 27/12: Søndagsskulefest.
- 28/12: Betania Ungd. for.-fest.
- 1/1-86: Haukeland Indremisj.
- 3/01: Fest for Y-ungdom.
- 5/01: Borgafest.
- 9/01: Nattverdmøte.
- 12/01: Misjonssambandet.

HAUGLAND INDREMISJON:

- 10/12-
- 15/12: Møteveke i Haugland Bedehus v/Henry Oppheim.
- 28/12: Barnefest kl. 15.00.
- 29/12: Julefest kl. 18.00.

HAUGLAND INDREMISJON:

- 5/1-86: Julefest kl. 18.00 i bedehuset. Talar Ingar Hjelseth.

Indre Arna Indremisjon 60 år


Søndag 17. november var det jubileumsfest i Indre Arna Indremisjon. Foreninga vart starta i 1925, og mange var møtt fram på jubileumsfesten i Arna Bedehus.

Bibelskulelærer Henrik Røykenes tala, og formannen i jubileumsåret, Per Eide, leia festen.

Det var fest-prolog ved Arne Håøy, musikklaget sang og Albrekt Ivarsfalten gav eit interessant historisk oversyn over arbeidet.

I mange år vart det arbeid for å byggja bedehus, og til slutt lukkast dette med det fine huset dei har i dag.

Aslaug Romslo var med då foreninga vart starta i 1925. Ho var til stades på festen og fekk overrekk blommar av formannen Per Eide.



Aslaug Romslo fekk overrekk blommar frå formannen Per Eide.

JULEMESSE

til inntekt for nytt kyrkjelydshus.

Det vert julemesse på Unneland Skule i gymnastikksalen **lørdag 7. desember kl. 12.00-16.00.**

Her kan ein få kjøpa julegaver lett vint og rimeleg.

Det vert også utlodning og kafé der ein kan kjøpa kaffe og kaker.

JULEBREV FRÅ SUDAN

Marit Gilje var tidlegare formann i Arna Sokneråd og er tilsett som lærar ved Ådna-marka skule. Ho har permisjon frå stillinga der, og arbeider for Kirkens Nødhjelp i Sudan.

Marit Gilje,
NDC/JUBA, P.O.Box 52802,
NAIROBI, KENYA.



Kjære menighet.

Julen -85

Så er det ikke mange ukene igjen til jul, og det er litt rart å la tankene gå tilbake til ifjor på disse tider. Da hadde vi så vidt lagt julefeiringen bak oss, før vi ganske raskt måtte evakuere til Kenya. Der skulle vi alle bli boende til i midten av februar, for å avvente videreutvikling. Det var en spesiell tid på mange måter. Vi følte sorg over den politiske utviklingen her i Sør-Sudan, og vi følte inderlig med de sudanesiske vennene våre som led vondt på forskjellig vis. Hele prosjektet til KN ble gitt over på sudanesiske hender, så det var litt av en oppgave som plutselig ble tildelt dem. — Det var nå ikke behov for så mange norske KN-arbeidere for en tid, så av 59 ansatte var det først bare 18 som ble tilbudt videre engasjement. Noen fikk arbeid i andre prosjekt KN har, noen i Norad, og andre måtte reise hjem. Selv hadde jeg akkurat bestilt billett til hjemreise da jeg ble spurt om å være videre. Vi hadde lenge planlagt en lærerskole innen område vårt, men vi trodde at under den daværende situasjonen måtte dette skrinlegges for en tid. Men, da det i slutten av februar syntes å være roligere, ble det besluttet at vi skulle prøve dette likevel.

Så er det da ved nystartet lærerskole her i Juba, hovedstaden i sør, at jeg har vært så heldig å få fortsette arbeidet mitt i Sudan. Det er en fantastisk rik og utfordrende oppgave. Vi har her sytti lærerstudenter, og de har alle lang praksis i skolen bak seg. Men, da det ikke har vært et tilbud om lærerskole der språket er engelsk, har de ikke hatt anledning til å få utdanning. Vi er den eneste skolen i sitt slag her i sør. Studentene er voksne og ansvarsbevisste, og de er virkelig entusiastiske når det gjelder å få mest mulig ut av dette året. Vi legger stor vekt på jordbruk, så hver lørdag er det praktisk arbeid på et stort jordstykke ved Nilen. Andre ting som vi legger stor vekt på er bl.a. deres rolle i lokalsamfunnet. De er gjerne den eneste «ressurspersonen» der, den eneste med videre utdanning.

— Selv underviser jeg bl.a. i kristendom, og det er virkelig lærerikt for meg selv også. Vi har så mange fine samtaler, og de har svært mange spørsmål å komme med. — Akkurat nå skal vi starte på vår andre undervisningspraksisperiode. Vi sender studentene til de forskjellige skolene i Juba, og de vil der bli ansvarlige for hver sin klasse i fjorten dager. Så er vi lærere rundt og gir råd og rettleiing.

Vi opplever litt av hvert da. Sist gang, langt uti skoleåret, var der skoler som ikke hadde lagt timeplan, og andre der flere fag overhodet ikke hadde

vært undervist i. Klassene kunne inneholde godt over 100 elever, og elevene hadde i bøker i det hele tatt. Så det er en litt annen situasjon enn hjemme.

— På skolen vår har vi sudanesiske rektor, pluss en sudanesiske jordbrukslærer. I tillegg er det en britisk lærer, pluss et par britiske timelærere. Jeg er den eneste fra KN. Det er en rik oppgave å stå i. Så selv om det ikke er så stabilt politisk her, og vi kan streve litt med et svært byråkratisk system, — så er jeg glad for at jeg fremdeles får være i Sudan. — Det er ellers godt å få nytt fra Arna her, både gjennom brev, hilsener og menighetsblad. Takk for omtanke og forbønn. Tankene mine går også daglig nordover. Så vil jeg få ønske en riktig gledelig jul til hver enkelt.

Varme hilsener fra Marit Gilje

Det blei lukka opp for oss...

av Kirsten Fougner.

Eg stod på Møllerhjørnet på Gjøvik og let som eg stirra på alle julegåve-ideane. Men eigentleg bare bad eg. Til ein Gud som eg da ikkje eingong var viss på eksisterte. Andre eg kjende, var sikre. Dei sa eg burde prøve å be, så skulle eg få, leite, så skulle eg finne, banke på, så skulle det bli oppløst for meg... Så fekk det stå til. Eg ville prøve. Kune Han, bokstaveleg talt, lukke opp døra til ein heim vesle julaften for speidertroppen min, så.... Vi trong ein stad å møtast for å ordne julekorgar til nokre eldre vi skulle gå på besøk til. Lokale hadde vi ikkje, heime låg mor sjuk, og kven ville ha ein flokk jentungar med støvlar og våte toppeluer og krepp-papir og framande smultringar inn i huset, kvelden før Kvelden?

Eg tusla spent heimover. Stega mine var faste, men trua var såre enkel og famlande. På Viktoriahjørnet møtte eg mora til Gerd Karin. —

God jul, Kirsten, du kan tru jenta er glad for å ha begynt på Speider'n!

Sei ifrå om du vil ha møte hos oss eingong!

— Vi kan vel itte få kammå om æftan lille julaften?

Joda, bære kom!

Vi kom. Etter å ha banka på, blei det lukka opp for oss.



Organistvikar i Arna kyrkje

Astrid Ivers har sidan oktober vore vikar i organiststillinga i Arna. Ho er busett i Åsane, og har tidlegare vore organist mellom anna i Salhus og Åsane.

Ho vil halda fram som vikar ei tid, då stillinga vert utlyst på ny i desse dagar.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebensv.39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.



SPEIDERNYTT

KFUK-speiderne har også denne høsten gjort en fin innsats i «hjelp til andre» prosjekter. I september var ivrige speiderjenter med i den årvisse Speiderjobben. I løpet av en ti-årsperiode har jenter i Indre Arna KFUK jobbet inn ca. 30.000 kr. til ulike velde-
dige formål der barn har blitt tilgode-
sett. Slik også i år da de 1.943 speider-
jobbkrone gikk til Røde Kors som
skal bruke pengene til en ferie- og
fritidsbuss for funksjonshemmede.
Bussen skal ha hele Norge på sin
reiserute. Redd Barna skal bruke sin
del av pengene til å videreføre arbei-
det i Kebelle, en bydel i et slumstrøk i
Addis Abeba i Etiopia.

KFUK-speiderne var i oktober med
i en dør til dør aksjon til støtte for
Landsforeningen mot Kreft. Sammen
med 5. klassene ved Garnes barne-
skole samlet de inn på knappe 20
timer 10.060 kr. i Indre Arna, Seims-
mark og Ådnamarkaområdet.

Givergleden er stor blant folk når
en ser på de mange gode resultatene
fra de mange innsamlingsaksjonene i
høst.

Men noen må gå ... og det er en
grunntanke i speiderbevegelsen:
Hjelp din neste ... gjør en god tårn
hver dag ... mange ord fyller ingen
kurv.

Indre Arna KFUK-speidere takker
alle Arnaboere for åpne hjerter og
pengepunger.



**Gi en flyktning
en ny start**

Postgiro 5 20 09 02
Bankgiro 6029.63.25050

KIRKENS NØDHJELP

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3



KIRKENS SOS

SENTER FOR
SAMTALE

Åpent kl. 19.00 til 07.00

**ARNA
TREVIRKE A.S.**

TRELAST OG BYGGEVARER
5265 YTRE ARNA - TELEFON (05) 24 12 21

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

ÅPNINGSTIDER

Mand. til onsd. 9.00-17.00
Torsd. og fred. 9.00-19.00
Lørdag 9.00-14.00

a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

Kleiveland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Banken i Arna fra 1866

**SPAREBANKEN
VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket slitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP



VESTLANDSBANKEN


Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørjes
oppsett.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje

- 08/12 Arna kl. 11.00. Forstander Audun Tang. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoninstitusjonane. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
- 15/12 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kalfarkollektivet. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø.
Arna kl. 19.00. Julekonsert.
- 22/12 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
Arna helseheim kl. 11.00 Sokneprest Øy.
Arna kl. 19.00. Vi syng jula inn. Arnavågen musikklag og Arna Kyrkjekor.
Ytre Arna kl. 18.00. Julekonsert.
- 24/12 Arna kl. 14.30. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Betania Barnekor.
Arna kl. 15.30. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Indre Arna Barnerøster.
Arna kl. 16.30. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Garnes Barnerøster.
Ytre Arna kl. 15.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Ytre Arna skulemusikk. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor.
Ytre Arna kl. 16.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Haugland Skulemusikk. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor.
Tren gereid kl. 15.00. Lars Harberg. Skulemusikken spelar. Takkoffer til Kalfarkollektivet.
- 25/12 Arna kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.
Ytre Arna kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Ytre Arna Kyrkjekor.
- 26/12 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Den indre sjømannsmisjon.
Tren gereid kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.
- 29/12 Arna kl. 11.00. Stifts.kap. Ivar Molde. Takkoffer til Døves menighet.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Harald Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Kalfarkollektivet.
- 31/12 Arna kl. 23.15. Midnattsmesse v/sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarb.
Ytre Arna kl. 23.15. Midnattsmesse. Res.kap. Sundsbø.
- 01/01 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 05/01 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Israelsmisjonen.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Bibelskulen, Bildøy.
- 12/01 Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Nattverd.
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 19/01 Arna kl. 11.00. Biskop Thor With. Ordinasjon av cand.teol Kåre Rune Hauge. Takkoffer til Menighetsfakultetet.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30.-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Innleveringsfrist for stoff til nr. 1: 1. januar.